



EKSAMENSOPPGÅVE

JUS2111 – Statsforfatningsrett, folkerett og menneskerettigheter

Haut 2023

Dato: 19. desember

Tid: 09:00-15:00

Det har lenge vore ein uroleg situasjon mellom dei to europeiske nabolanda Storestan og Luristan. Storestan har store utfordringar med gjengkriminelle, særleg i byane, der rivaliserande gjengar kvar veke står for drap og bombeåtak som òg råkar uskuldige menneske. Hausten 2023 set presidenten i landet inn militære styrkar mot sitt eige folk i eit forsøk på å vinne attende kontrollen over landet. Luristan opplever på si side store etniske motsetningar i folket. Den etniske minoriteten i landet opplever seg undertrykt av majoriteten, og mange har tidlegare flykta til nabolandet Storestan i håp om eit bedre liv der. Presidenten i Storestan meiner difor at noko av årsaka til dei store problema med gjengkriminelle i landet skuldast innvandring frå den etniske minoriteten i Luristan.

Den 22. desember går det av tre kraftige bilbomber utanfor regjeringskvartalet i hovudstaden i Luristan, og 365 menneske mistar livet. I jakta på gjerningspersonane oppsøker styresmaktene i Luristan fyrst landsbyar som tilhøyrer den etniske minoriteten i landet. Her meiner dei å koma på sporet av at gjerningspersonane driv den kriminelle verksemda si og terroraktivitet frå Storestan i staden. Luristan mistenkjer spesielt det kriminelle nettverket «Den blå dragen» for å stå bak det dramatiske terroråtalet. Det er i all hovudsak personar som tilhøyrer den etniske minoriteten i Luristan, men no er busette i Storestan, som er med i dette nettverket. Luristan sender ein førespurnad til Storestan og ber nabolandet setja i verk ei etterforskning av det kriminelle nettverket «Den blå dragen». Storestan svarar derimot at dette ikkje let seg gjera, sidan dei ikkje har kontroll på situasjonen i landet sitt, og at det difor ikkje er trygt for politiet å gå inn i bydelar og område der nettverket «Den blå dragen» held til.

Utover våren 2024 prøver Luristan fleire gonger å få Storestan til å setja i verk etterforskning av «Den blå dragen», men får same negative svar. 1. mai 2024 rykkjer militære styrkar fra Luristan overraskande inn i Storestan, og presidenten i Storestan flyktar til Nato-hovudkvarteret i Brussel der han ber om hjelp. I ein rask lynkrig på tre dagar tek Luristan kontrollen over nabolandet. Korkje Luristan eller Storestan er medlemar av Nato eller nokon annan forsvarsallianse. Det er difor ingen land som grip inn når Luristan set inn eit nytt militærregime i Storestan, direkte underlagt styresmaktene i Luristan. 4. mai kunngjer styresmaktene i Luristan i ei pressemelding at dei vil halde på kontrollen over nabolandet inntil dei òg har fått kontroll over dei kriminelle nettverka og



funne dei skuldige i terroråttaket. Vidare står det i pressemeldinga at så snart dette er gjort, vil Luristan skrive ut nyval i Storestan og overlata styringa av landet til den som blir valt til ny president.

2. mai blir tryggingsrådet i FN samankalla til eit hastemøte. Presidenten i Storestan hevdar at det ligg føre ein ulovleg åtakskrig. Luristan hevdar på si side at invasjonen er lovleg, sidan Storestan gjev tilhald til terrororganisasjonar som nyttar landet som base til å utføre terror og kriminalitet retta mot andre land. Luristan legg òg fram eit framlegg til ein tryggingsrådsresolusjon som vil gje andre statar rett til å setja i verk militære tiltak mot Storestan for å opprette fred og tryggleik i regionen att. Framlegget får 8 av 15 røyster i Tryggingsrådet. Nato-landa USA, Frankrike og Storbritannia røystar mot framlegget.

Nato-landa er uroa over situasjonen og fryktar at Luristan ikkje vil gå ut av Storestan sjølv om dei skulle få kontroll på dei gjengkriminelle nettverka. Under eit ekstraordinært utanriksministermøte i Nato den 6. mai tek Nato avgjerd om å intervenere militært i Storestan for å kaste Luristan ut av landet. Nato argumenterer for at Luristan står bak ein ulovleg åtakskrig, og at dette gjer det rettvist at Nato hjelper Storestan med å forsvare seg militært. På møtet blir det avgjort at det skal vera opp til det enkelte Nato-landet å medverke i denne militæroperasjonen, som blir kalla "Operation Dragon Storm".

Den norske utanriksministeren Lars Holm er til stades under Nato-toppmøtet i Brussel. Han ynskjer å avklare med regjeringa om Noreg skal medverke i militæroperasjonen og får sett opp eit digitalt møte laurdag 11. mai mellom han sjølv og generalsekretæren i Nato, som begge er i Brussel, og den norske statsministeren, som er i Oslo. Under møtet blir dei samde om at Noreg skal medverke med to jagarfly. Flya skal ha base på Ørlandet i Trøndelag og gjera tokta sine derfrå, og dei skal vera underlagde kommandosentralen i Nato. Andre Nato-land som medverkar med militære fly inn i operasjonen, skal òg bli tilbydde hovudbase på Ørlandet. Etter samtala innkallar statsministeren med det same Regjeringa sitt tryggingsutval (RSU) for å orientere om situasjonen. I RSU er forsvarsministeren og dei andre forsvarsleiarane, justisministeren og finansministeren med, i tillegg til statsministeren sjølv og utanriksministeren. Dei blir samde om å leie Noreg sin medverknad inn i operasjonen.

Alt neste dag, søndag 12. mai, kjem dei fyrste militærflya frå USA, Frankrike og Danmark til Ørlandet. Marte Kirkerud er partileiar for det største opposisjonspartiet på Stortinget og leiar for Den utvida utanriks- og forsvarskomiteen (DUUFK) på Stortinget. Denne sundagen er ho på besøk heime hjå dei gamle foreldra sine i nærleiken av Ørlandet flystasjon. Ho blir forskrekka over alle jagarflya ho får auge på i lufta, og kastar seg over telefonen for å prate med statsministeren. Han orsakar at han ikkje har rokke å ringje ho før og ber ho om å samankalle DUUFK alt måndag



morgon, slik at medlemene i DUUFK kan få ei orientering om saka bak lukka dører. Marte gjer merksam på at dette måtte han ha ringt om før, og at det ser ut til at regjeringa ikkje har oppfylt dei konstitusjonelle pliktene sine. Statsministeren svarar at militæroperasjonen enno ikkje har byrja, sidan flya berre har kome til Noreg, og at Marte i alle tilfelle ikke ville vore i stand til å kalle saman DUUFK før tidlegast måndag morgon.

Den norske militære deltakinga i «Operation Dragon Storm» møter fort mykje motstand i folket. Det er uro for at militæroperasjonen skal eskalere til storkrig i Europa, mellom anna av di det ikkje er semje i Tryggingssådet om korleis konflikten skal handterast. Dagbladet si meningsmåling tysdag viser at ca. 60 prosent av folket er motstandarar av norsk involvering, 25 prosent er for, medan 15 prosent ikkje veit kva dei skal meine.

Peder Ås studerer statsvitskap på Blindern og leiar den vesle ungdomsorganisasjonen «Gje dei unge ei framtid». Saman med ei rekkje andre organisasjonar planlegg dei eit fakkeltog i Oslo onsdag 15. mai klokka 21 mot norsk deltaking i «Operation Dragon Storm», og dei sender så melding om arrangementet til politiet. På berre eit døgn melder meir enn 300.000 menneske interesse for arrangementet i sosiale medium. Alt onsdag føremiddag merkar ein godt i bybiletet i Oslo at folk strøymer til sentrum frå heile landet med banner og kyrbjøller. Folkemassane er så store at det nærast er umogleg å koma seg gjennom Karl Johans gate, og trikken på Rådhusplassen og Tullinløkka stoppar alt i tretida heilt opp av menneskemengdene. I det fine vårveret tek fleire titals demonstrantar seg eit bad i vasspegelen i Spikersuppa, hundrevis av ungdomar badar frå Tjuvholmen og i Bjørvika, medan eit par tusen ungdomar samlar seg ved eit telt som var sett opp på plenen på Eidsvoll's plass framfor Stortinget frå firetida. Over magen på statuane av Ibsen og Bjørnson framfor Nationaltheatret spraymålar nokon «Noreg, mitt Noreg», og fontena same stad blir kvelt av såpebobleskum, medan nokre rappellerer ned frå taket på Domus Media og rullar ut eit gigantisk banner framfor søylene med påskrifta «USA go home!».

Tre timar før demonstrasjonen skal avhaldast, ringjer politimeisteren i Oslo til Peder Ås, som er arrangør, og seier at «arrangementet må avlysast», med tilvising til politilova § 11 tredje ledd. Ho seier at arrangørane ikkje har kontroll på folkemassane, og at «alvorlege ulykker vil skje». Vidare seier ho at folkemassane i byen vil tiltrekkje seg moglege terroristar som vil sjå det som eit godt høve til å drepe fleire på éin gong. Ho legg til at politiet heller ikkje har «kontroll på alle personar som potensielt har vilje til å gjennomføre ein terroraksjon i Oslo». Peder svarar politimeisteren at det meste av aktiviteten til demonstrantene er "heilt normal åtferd, det er jo alltid mange som badar i Oslo", og han viser til at det vil vera i strid med menneskerettane om politiet stansar arrangementet. Til dette svarar politimeisteren følgjande: «Med all respekt for forsamlingsfridomen, men den har ingen verdi dersom ein er død». Peder kontrar med å svara: «Det er politiet si plikt å sikre både forsamlingsfridomen og retten til liv. Det er dykkar, ikkje mi, plikt å avdekkje moglege



UNIVERSITETET I OSLO

terroraksjonar. Dessutan har det ingen verdi å leva dersom ein ikkje kan ytre seg og samlast fritt om så alvorlege saker.»

*Drøft og løys dei rettslege spørsmåla i den fiktive oppgåva. Du skal **ikkje** ta stilling til om Storestan kan setja inn militære styrkar mot sitt eige folk. Du skal heller ikkje ta stilling til om Luristan undertrykkjer sin eigen minoritet.*

Oslo, haust 2023
Sigrid Stokstad
Faglig eksamensleiar